

SAMNANGER KOMMUNE
Tyssevegen 217
5650 TYSSE



Vår ref.: 2017/16651-3

Dykkar ref.:


Bergen, 31.10.2017

Ny takst- og sonestruktur i Hordaland 2018 – Samnanger kommune

Det har lenge vore eit ønske om å forenkla takst- og sonestrukturen i Hordaland. I fylket vårt er det i dag slik at kundar i sone Bergen kan reise innanfor minstetakst og har fleire salskanalar tilgjengeleg, medan det for kundane i resten av fylket er ei rekke små soner som avgjer billettpisen, og biletten må kjøpast om bord. Fylkestinget i mars 2017 vedtok å innføre ny takst- og sonestruktur i Hordaland i løpet av 2018, og fylkesrådmannen har i sitt budsjettframlegg for neste år stilt forslag om 1. august som dato for gjennomføring.


Modellen med sju takstsoner vil gi eit kollektivtilbod som er lettare å forstå for kundane, og vil også legge til rette for innføring av mellom anna mobilbillett. Om lag 95 prosent av kollektivreisande og skuleelevar vil i ny sonestruktur reise innanfor ei sone og oppleve at prisen blir lik som i dag, eller billigare. Kryssar ein fleire soner, kan det medføre høgare pris enn i dag.

På bakgrunn av det politiske vedtaket har Skyss fintekna sonegrensene i dei sju framtidige sonene, i samarbeid med konsulentelskapet COWI som har gitt sine tilrådingar. I hovudsak er sonene avgrensaa av naturlege grenser satt av fjord og fjell. Der dette ikkje var mogeleg har ein tatt omsyn til pendlar-, passasjer- og elevstraumar, skulekrinsar, kommunegrenser, tettstader, naturlege knutepunkt osb. Nokre av forslaga vil derfor føre til at dei nye sonegrensene kryssar eksisterande soner, kommunegrenser eller buss- og vegforbindelsar.





Samnanger kommune ligg i området der dei framtidige sonene 1, 3 og 4 møtast. Ved å vurdere pendlardata, skulekretsar og kommunegrenser er det foreslått at Solbjørg, Gullbotn og Årland og Gaupholm skal inngå i sone 3. Sjå kart vedlagt.



Skyss vil invitere Samnanger kommune til å komme med innspel og tilbakemeldingar på dei føreslårte sonegrensene i kommunen. I fyrste omgang ber vi om å få dette skriftleg innan 01.12.2017, men dersom kommunen også ønskjer eit møte vil vi sjølv sagt imøtekommne dette. Vi ber om at skriftleg svar vert sendt til skyss@skyss.no.

Med vennleg helsing,
Hanne Alver Krum
leiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.